

Referat CittaSlowrådet nr. 1-2019

Onsdag 06.02.2019 kl. 18.00–20.00

Sted: Kantina, 2 høgda, tenestetorget

Tilstades:

Ingrid Prestegard

Jorid Lekve Eide

Håkon Gjerde

Thore Hopperstad

Anne Hjelmevoll

Geir Netland

Anders Oppheim

Stein Olav Kolås

Julie Gyllander (Sekretær)

Saksliste

1/19 Godkjenning av innkalling(V)

Vedtak: Godkjent

2/19 Evaluering av CittaSlowrådet (V)

- Rådet diskuterte kva som har fungert og ikkje fungert til no, og kva erfaringar ein må ta med seg vidare. Innspel frå rådet er ført inn her;
- Sekretæren må bli betre på å fylgja opp sakene til rådet.
- Viktig at referata blir publiserte på nettstaden til heradet.
- Ein har ikkje klart å koma gjennom til innbyggjarane i Ulvik, resultatata av kva øyremerka CittaSlowmidlar har gått til har ikkje kome fram tydeleg.
- Facebook er ein kanal ein ynskjer å ta i bruk i 2019.
- Gje konkrete eksempel på kva CittaSlow er frå Norden, ikkje berre Greve.
- Aktørane som sit i rådet kan bidra til å fremja CittaSlow på kvar sin arena.

- Rådet ønskjer ein handlingsplan som er konkret med realistiske mål.
- Er naudsynt med ei opprydding i sertifiseringsarbeidet.
- Fleire møter må til, sakslistene må ikkje bli for lange og det er eit ønskje at møta heng saman med aktivitetar ein vil gjera.
- Aktivitetar ein har hatt for dei unge har fungert som ein tenesteveg, dei tar med seg ting heim. Gjere meir slike aktivitetar (til dømes den kulturelle matsekken)?

Vedtak:

Referat skal publiserast etter kvart møte. Aktørane i rådet tenker på konkrete saker og aktivitetar til eit årshjul som blir diskutert i neste møte for å laga ein handlingsplan for 2019. For å visa kva me har gjort/kjem til å gjera er det naudsynt med ein Facebook sida, Julie set opp den til neste møte. Tinge CittaSlow klistremerke/magnetar til bilar (Julie). Til Oktobertorget er det viktig med ei tydeleg arbeidsfordeling.

3/19 Val av leiar for rådet (V)

I mai blei det gjort eit vedtak på medlemmar i rådet og Ulvik IL blei spurt om å ta plassen til Bygdekvinnelaget i CittaSlow rådet. Ein Fekk aldri noko svar frå Ulvik Idrettsråd. Rådet ser ingen grunn til at ikkje begge laga kan vere representert.

Vedtak: Bondekvinnelaget og Ulvik IL blir spurt om dei vil vere representert i rådet. Ingrid Prestegard held fram som leiar til hausten, då blir det nytt val.

4/19 Fokus framover (D)

Kopla saker meir opp mot representantane i rådet og samstundes formidla at CittaSlowrådet arbeider for dei. Det kjem nye krav til gardane som driv med mjølkeproduksjon som krev investeringar på fleire millionar per bruk. Dette er noko CittaSlowrådet bør uttala seg om, rådet bør ha som prinsipp å gi uttale til alle kommunale planar og større politiske saker som er ute på høyring. Ulvik er ei jordbruksbygd og det er viktig å bevare mjølkeproduksjonen i bygda. Rådet ønskjer å legge opp arbeidet etter kva som skjer politisk, CittaSlow kan koma med innspel til politiske tiltak for å forankra CittaSlow filosofien i politikken. Rådet må arbeida meir med sertifisering, skal ein ha ein frist for å søke om å få sertifisering?

5/19 Møtestruktur, agenda, inkalling, referat (V)

Vedtak: Rådet skal ha møte ca. ein gong i månaden, klokka 18.00-20.00. Neste møte vert 06.03.19. Sakslista til møta skal ikkje vere for store. Julie lagar førebels møteplan for 2019 til neste møte. Referat blir sendt på mail med ein frist for innspel. Innkalling til møta seinast ein veke før med eventuelle vedlegg.

6/19 Henge-saker frå 2018, som må fylgjast opp vidare (V)

Vedtak: Erasmus+ stipend, kor står vi med dette prosjektet? Julie ser på dette til neste møte. Få ei oversikt over korleis pengar har blitt brukt og korleis dei skal bli brukte framover.

7/19. Møteplan 2019 (V)

Vedtak: neste møte 06.03.19, Julie set opp ein møteplan for 2019 som blir vedteke neste møte.

Takk for møte!

21.02.19 Julie Gyllander